

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.9	Knut Øyjordet	16.02.23	4/23

## **KLAGE FRÅ ELGJAKTLAGET I SJOLIA ANG. TAMREIN I BARSKOGEN UNDER JAKTA, OG SØKNAD OM REFUSJON AV M.A. GRUNNAVGIKT**

### *Saksdokument:*

Sak 37/22 i fjellstyret med vedlegg.

### *Saksutgreiing og vurdering:*

I behandling av klage frå elgjaktlaget i Sjolia ang. tamrein i barskogen under jakta, og søknad om refusjon av m.a. grunnavgift, vedtok fjellstyret følgjande i sak 37/22 (samrøystes):  
*Fjellstyret utset til neste møte behandling av klage frå elgjaktlaget i Sjolia ang. tamrein i barskogen under jakta og søknad om refusjon av m.a. grunnavgift. Dette fordi fjellstyret er usikker på habiliteten til enkelte fjellstyremedlemmer i saka.*

Dagleg leder tok kontakt med kommunedirektøren ang. habilitetsspørsmålet, og tilbakemelding frå han har vorte formidla til fjellstyret i samband med utsending av møteboka. Det kan elles nemnast at lederen, nestlederen og dagleg leder stilte for fjellstyret på eit møte 8. februar der styret i Langmorkje almenning, og styrelederen og overgjetaren i Vågå Tamrein deltok. Dette var eit møte etter initiativ av Langmorkje almenning, der problem med beiting av rein i barskog var hovudtema. Tilhald av tamrein i Sjolia sist haust var også tatt opp på møtet. Det blir elles vist til saksutgreiing og vurdering i sak 37/22.

### **Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret har forståing for at tilhald av tamrein i Sjolia over eit lengre tidsrom i haust og allereie frå tidleg i elgjakttida, var til ulempe for jaktlaget der, og er ei viktig årsak til at laget ikkje felte fleire enn ein av tre elgar. Sjølv om fjellstyret ikkje reknar med mange slike søknader i åra framover, så er spørsmål om refusjon av grunnavgift uansett ei prinsipiell sak. Fjellstyret vedtek at jaktlaget i Sjolia får refundert grunnavgift for ein av dei to elgane som ikkje vart felt på grunnkvota. Fjellstyret imøtekjem ikkje søknad om refusjon for utgifter med leige av husvære i jakta.

Når det gjeld problem med at tamrein oppheld seg i barskog, og at dette ikkje er i tråd med pkt. 1 i hamneleigekontrakten mellom fjellstyret og Vågå Tamrein, så er dette tatt opp i eit møte 8. februar mellom Langmorkje almenning, Vågå Tamrein og fjellstyret.

### **Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga, men med dette tillegget i 1. avsnitt:

Fjellstyret vil krevje Vågå Tamrein for den refunderte grunnavgifta som jaktlaget får tilbakebetalt, dvs. kr. 3.500.

Før behandling av saka stilte Pål Grev og Turid Grimsbø Snerle spørsmål om sin habilitet, og fråtrede møtet. Fjellstyret vedtok samrøystes at dei var inhabile, og dei deltok ikkje i behandlinga av saka.

*Retts utskrift. Går til:*

Elgjaktlaget i Sjolva v/Svein Rune Damstuen  
Vågå Tamrein v/Dag Inge Bakke

Vågåmo, 16.02.23

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no